



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jonas Sveum, 71 25 84 70

Fråsegn - endring - tiltak i vassdrag - Vestnes - bygging av Urdelva kraftverk

Bakgrunn

I brev av 14.02.2024 kom vi med fråsegn til Blåfall Prosjekt AS (opphavleg Norsk Omnipower AS) om å bygge ut Urdelva kraftverk. I fråsegna rådde vi til å vurdere å justere plasseringa av kraftstasjonen slik at anadrom strekning blir rørt i minst mogleg grad. Rørtraseén rådde vi også til å justere slik at ein så langt det lar seg gjere unngår inngrep i den registrerte edellauvskoglokaliteten. NVE gjorde ikkje vedtak i 2024, og den er no sendt ut på ny avgrensa høyring. Søknaden kjem no frå Locus Hydro Prosjekt AS.

Vurdering

I 2024 rådde vi til å justere plassering av kraftverket slik at anadrom strekning i minst mogleg grad vert påverka negativt. Anadrom strekning vart påvist etter boniteringa i rapporten om fiskeribiologiske undersøkingar (Søyland, 2016). Anadrom strekning vart avgrensa til om lag 350 m oppstraums samløpet. I den nye søknaden frå 2026, er plasseringa av kraftverket flytt til den austre sida av Urdelva, og til enden av den anadrome strekninga for å ta vare på viktige leveområde for anadrom laksefisk. Dette er i samsvar med vår fråsegn frå 2024.

Vi rådde i 2024 også til å justere plassering for rørtraseén for å gjere minst mogleg inngrep i den registrerte edellauvskoglokaliteten. I den nye søknaden av 2026, er det lagt fram ei alternativ løysing om å flytte heile rørtraseén til austre side av Urdelva, noko som omgår edellauvskog og terrestriske raudlistearter. Ved bruk av retningsbora tunnel, og nedgravne røyr som følgjer eksisterande veg, unngår ein synlege terrengingrep, og sparar vegetasjon.


Det er skildra avbøtande tiltak som minstevassføring og omløpsventil for å ta omsyn til biologisk mangfald og ferskvatn og tilhøyrande ressursar. Dette er positivt for å unngå stranding av vandrande laksefisk som elles kan førekomme ved driftsstans eller raske endringar. Minstevassføring er positivt for edellauvskogen og bekkekløfta, sjølv om kvaliteten kan bli noko redusert.



Det er registrert reirplass for sensitive artar i området, og vi ber difor om at det det blir tatt omsyn i hekkeperioden.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ingen vidare merknader.



Figur 1. Foreslått trasé - raud linje, avslått trasé - blå linje, og edellauvskoglokalitet merka i oransje.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
underdirektør

Jonas Sveum
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTNES KOMMUNE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Rådhuset Brugata 10
Postboks 2500

6390 VESTNES
6404 MOLDE